



Vestland fylkeskommune

Høyanger vgs.



Vestland
fylkeskommune



Velkommen til oss!

Høyanger vert frå 2026 avdeling under Førde vgs, men skal ha egne søkbare utdanningstilbod på same måte som før.

Dei fleste av tilboda våre er på yrkesfag, men vi har også tilbod om Vg1 Studiespesialiserande i samarbeid med Førde. Du kan lese meir om tilboda våre i denne brosjyren.

Den vidaregåande skulen i Høyanger er ein inkluderande skule som tar vare på alle! Elevane har stor påverknad på eigen skulekvardag, og vi har høg grad av gjennomføring. Det er eit resultat av eit svært godt samarbeid mellom skule, kommune og næringsliv. Det viktigaste for oss er at du som elev skal lukkast!

Vi har ein lang tradisjon med reiser til utlandet gjennom Erasmus+. Alle klassar på Vg2 får tilbod om å reise til Danmark for å gjennomføre ein del av programfaga. Desse opphalda er både lærerike og sosiale. Vi meiner også at det har stor verdi å bli kjent med folk frå andre land. Det gir oss innsikt og kunnskap både om oss sjølv og verda! Dette er viktigare enn nokon gang!

Har du er gründer i magen?

Vil du utforske nye idear og utvikle bærekraftige produkt?

Kanskje kan du få inspirasjon frå andre som har gode idear?

Hos oss lærer du det du treng for å meistre framtida – både med hovudet og hendene.

For dei som er ferdige med Vg2 og har fått lærekontrakt tilbyr også Høyanger digital undervisning i Påbygg Vg4 for lærlingar. Søknad går gjennom Nettskulen i Vestland

Velkommen som elev i Høyanger!

Kristin S. Råsberg

Elektro og datateknologi

Vg1 Elektro og datateknologi

Vg2 Elenergi og ekom

Er du nøyaktig og systematisk?

Praktisk anlagt med eit godt handlag?

Anna Strandos Måredal
Høyanger

"Grunnen til at eg valte å gå elektro på Høyanger vgs, er fordi eg hadde høyrte mykje bra om den linja her og elektrofaget var noko eg syntest var spennandes. Det er fint å ha ein skule i nærområdet, dette gjer at eg kan bu heime. Elektrolinja ved Høyanger vgs er ei bra linje, der ein lærer mykje nyttig om elektrofaget. Eg sjølv føler eg har fått eit bra utgangspunkt for vidare utdanning. Fellesskapet på Høyanger vgs er også veldig bra. Alle er med alle uavhengig av kjønn, klasse og alder. Dette trur eg er ekstremt viktig for å trivest på ein skule. Eg trivast i alle fall svært godt på Høyanger vgs."



Teknologi- og industrifag

Vg1 Teknologi- og industrifag
Vg2 Kjemiprosess- og laboratoriefag
Vg2 Industriteknologi

*Er du praktisk anlagt med godt håndlag?
Sjølvtendig, nøyaktig
og interessert i ny teknologi?*



Jan Leander Larsen
Høyanger
Lærling Hydro

"Høyanger vgs er ein fantastisk skule med eit svært godt samhald og miljø. Viss ein har lyst å gå på ein skule for å utvikle seg og lære, er Høyanger det rette valet. Skulen har ufatteleg gode lærarar som heile tida gjer sitt beste for at du skal ha det bra. Det å gå Teknologi- og industrifag i Høyanger i to år var helt fantastisk for både meg og læringa mi. Lærarane er alltid svært opptekne av at vi alle skal lære og utvikle oss. Samt vert det alltid sørga for at vi trivest. Derfor vil eg anbefale Høyanger vgs til alle!"

Helse- og oppvekstfag

Vg1 Helse- og oppvekstfag
Vg2 Helsearbeidarfag

*Er du omsorgsfull og hensynsfull
overfor menneske?
Flink til å kommunisere
og god til å samhandle med andre?*

Alexandra Bergstrøm Fossheim
Høyanger

"Eg valte å gå helse- og oppvekstfag på Høyanger vidaregåande skule fordi eg har budd her heile livet og er trygg på plassen. På skulen har vi eit veldig nært miljø, der alle kjenner alle. Klassemiljøet på helse vil eg si er veldig bra. Vi lærer i lag og løfter kvarandre opp. Eg trivest veldig her på skulen og får verkeleg ein følelse av tilhørighet."



Påbygg - Nettskule

Vg4 påbygg – tilbod for lærlingar

*Har du generell studiekompetanse,
kan du søke opptak til dei fleste
studie ved universitet og høgskular*

Vg4 for ungdom som har teikna lærekontrakt.
Faga vert fordelt på to år. Undervisninga er på ettermiddagstid.
Dette er eit tilbod som passer for deg som er motivert og er
innstilt på å bruke ekstra tid for å oppnå studiekompetanse
parallelt med opplæring i bedrift.

Høyanger vgs har ansvar for undervisninga i regi av Nettskulen.
Undervisninga er på ettermiddagstid
og er tilrettelagt for deg som er i arbeid.

*"Nettskolen virker slitsom" er et sitat jeg har hørt fra
lærlinger som takket nei til tilbudet. Ja, det er slitsomt, men
slitsomt skader ikke. Med jevn disiplin har nettskolen ført til
selvtillit og trygghet på at når lærlingtiden er over, kan jeg
gjøre hva jeg vil!"*

- Eirin Kristine Smedstad Ingebrigtsen

*"Opplegget på nettskulen har fungert veldig bra for meg,
med gode lærarar som følgjer oss tett opp"*

- Anna Sollid

*"Eg har opplevd nettskulen som ein smart veg og gå
for dei som er lærlingar, men uansett vil ha studie-
kompetanse"*

- Alida Skår Måge

*"Eg syns det har vore eit fantastisk tilbod, fordi eg har kunna
være i lære og samstundes få generell studiekompetanse. Ut
frå mine erfaringar, har eg opplevd undervisninga, lærarane
og opplegget på nettskulen som god. Eg har til dømes fått
moglegheit til å ha inverknad på eigen skulekvardag og det har
vore fint"*

- Oline Dyrhol

Studiespesialisering Vg1

Vg1 - Fellesfag

Dette er eit smart val for deg som ønsker å studere vidare på universitet og høgskular. Vi kan gi deg både generell og spesiell studiekompetanse

Opplæringa vert organisert med tre dagar undervisning i Høyanger, og to dagar i Førde.

Undervisninga i Førde er lagt til tider på dagen slik at du kan følgje skuleskyss fram og tilbake utan at skuledagen vert unormalt lang.

På denne måten vert du også kjent med skulen og elevane i Førde.



Toppidrett handball og fotball

Programfag toppidrett



Even Hovland



Siri Nordeide Grønli

IL Høyang og Høyanger vgs samarbeider om å tilby programfaget toppidrett for elever både på studiespesialiserende og yrkesfag.

Elevane vel sjølve om dei vil ha karakter i faget. Det vert lagt opp til trening i skuletida.

Dyktige trenarar med idrettsutdanning og erfaring vil sørge for progresjon i utviklinga di!



Opningstider resepsjon/administrasjon:
Måndag - fredag kl. 07:30 - 15:30

Sentralbord: 57 63 78 00
E-post: posthoyv@vlfk.no